



## Statens vegvesen

Hordaland Fylkeskommune

1. MAR 2015

Vaksdal kommune  
Konsul Jebsensgt. 16  
5722 DALEKVAM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Steinar Nedkvitne - <tom>

Vår referanse:  
2010/138863-008

Dykkar referanse:  
14/1401 - 15/1012

Vår dato:  
09.03.2015

### Planprogram for rullering av kommuneplanen i Vaksdal - høyringsutkast

Vi viser til dykkar brev dagsett 18.02.2015.

Statens vegvesen sine interesser i alle plan- og forvaltningssaker omfattar primært etaten sitt ansvar for planlegging, bygging, drift og vedlikehald av riks- og fylkesvegnettet. Vår hovudmålsetting er å leggja til rette for ei trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar.

Planprogram for rullering av kommuneplanen for Vaksdal 2016 – 2025 er sendt på høyring med uttalefrist 03.04.

Både arealdelen og samfunnsdelen til kommuneplanen skal rullerast i ein parallell prosess.

Samfunnsdelen skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategier for samfunnet som heilheit og kommunen som organisasjon, og skal vera grunnlag for sektorane sine planar med retningslinjer for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast. Arealdelen skal ta for seg hovudtrekka i arealdisponering, rammer og forutsetningar for kva tiltak og ny arealbruk som kan setjast i gang, samt kva omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosess, medverknad, og behov for utgreiingar. Framlegget til planprogram avgrensar fire tema som får særleg fokus i det vidare planarbeidet:

1. Folkevekstutvikling
2. Bustadutvikling
3. Næringsutvikling
4. Samferdsle

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Den pågåande KVV prosessen for alternative løysingar for E16/Jernbane mellom Voss og Arna kan vera vesentleg for utviklinga i Vaksdal kommune. Likevel vil eksisterande trase for E16 vera ei tungt trafikert gjennomfartsåre i mange år framover. Her viser kommunen sin heilskaplege ROS analyse at ein må prioritera arbeidet med trafikktryggleik. Dette må visa igjen i rulleringa av kommuneplanen.

Ein må også ta spesielt omsyn til fv. 569, då denne har vernestatus. Vegen vert også nytta til omkøyringsveg i dei tilfelle E16 er stengd i aktuelle område.


Statens vegvesen vil i denne samanheng minna om at Kommunal trafikksikringsplan (TS-plan) er ein naturleg del av kommuneplanen. For Vaksdal kommune sin del burde TS-planen vore rullert/oppdatert.

Når det gjeld handsaming av avkøyrslar må "Rammeplan for avkøyrslar" leggest til grunn og bindast opp som ein del av planføresegnene.

I vedlegg til planprogrammet ligg det ei sjekkliste for nye tiltak i kommuneplanen. Vi ser at veg og infrastruktur er med i denne lista. Statens vegvesen går ut frå at det då også vert sett fokus på om det er tilrettelagt gang- og sykkelveg i området, om nærleik til veg vil skapa utfordringar i høve støy, støv, andre miljømessige ulemper, og om det er tilrettelagt for kollektivtransport.

Statens vegvesen har elles ingen andre merknadar til planprogrammet.

Plan og forvaltning Voss og Hardanger  
Med helsing

  
for Carl Erik Nielsen  
seksjonssjef

  
Per Steinar Nedkvitne

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN